

Austevoll INP Partiprogram 2023

Austevoll Industri og næringsparti (INP) vil fortsette å utvikle Austevoll til å være ein kommune der folk og bedrifter trivst og kan utvikle seg. Noko av det me brenn for er gode aktivitets og kulturtildel til innbyggjarar i alle aldrar, forbetra helsetenestetilbodet og arbeidsvilkåra for helsefagarbeidarane, tilrettelegge for eit ope og inkluderande kommunehus, sørge for at det offentlege og det private samarbeider og har god dialog før viktige beslutningar vert vedtatt, halde fram satsinga innanfor vegutbygging i kommunen, tilrettelegge for nærings og oppstartsvirksomheter, kjempe for rekruttering og vekst innanfor fiskeri og havbruksnæringa, gode levekår for våre eldre, samt tilrettelegge for ein god og trygg oppvekst for born og unge.

Nokre av punkta våre i partiprogrammet har tildels store investeringar - Dette er vår langsigktige visjon for korleis Austevoll kommune skal verta ein endå betre plass å bu og drive næring, men me vil kun realisere saker som er økonomisk forsvarleg.

1. Samferdsel og vegutbygging - Austevoll INP vil arbeide for å gje Austevoll enda meir attraktiv for både eksisterande og nye beboarar, næring og turistar - Ei utbedring av vegnettet ser me på som essensielt for å lukkast med dette. INP er generelt imot bompengefinansiert vegutbygging - Me meiner at all vegutbygging skal finansieres direkte under samferdselsdepartementet, inkludert ferjestrekninga.

På grunn av den særskilt dårlige vegstandarden i Austevoll etter årevis med minimalt vedlikehald så ser me det naudsynt med bompengefinansiert vegutbygging i kommunen. For å skåne dei som behøver å bruke vegen oftast så vil me innføre eit måltlig bompengeretak per bil/husstand på slike prosjekt.

For at betalarar av bompengar skal være sikker på at pengane ikkje går til andre formål enn kva som er planlagt så skal bompengefinansieringa øyremerkast til det spesifikke prosjektet det er tiltenkt - Så snart prosjektet er nedbetalt skal bomavgifta avsluttast.

Med dette til grunn så ynskjer me difor å fortsette med Austevollspakken, men intensivere prosjektet endå eit hakk. Me vil blant anna prioritere å projektere for meir effektive hovedfartsårer som knytter kommunen tettare saman - Noko som vil auke effektiviteten, utviklinga og samarbeidet på tvers av bygder, noko som knyt både næringslivet og innbyggjarane tettare saman. Våre hovudsaker innanfor veg og samferdsel er:

- A. Me er for ei utbygging av Hordfast midtre trase kor me vil kjempa for at Austevoll vert tilknytta nye E39 ved eit nytt ferjesamband mellom Sandvikshamn på Huftarøy og Håkrevika på Rekstern.

Dette begrunnar me i tall frå Sweco rapporten som konstaterar at eit draumesenario med brutilknytting anser me som lite realistisk å få realisert på grunnlag av den estimerte kostnaden på kr 8-9 mrd, mykje av denne kostnaden må også takast inn i form av bompengar - noko me anser å vera ei for stor kostnad å legge over på brukarane av bruva kontra å få på plass eit nytt ferjesamband over Langenuen. I den nemde rapporten er det berekna at ein ny veg frå nytt ferjeleie i Sandvikshamn (Haukanes) og over til "Eiosletta" er det mest samfunnsnyttige alternativet. Då kan ein også knyte ein framtidig høghastighetstrase mellom Storebø og Bekkjarvik inn mot denne tverrforbindelsen.

Austevoll INP Partiprogram 2023

Ved å knyte Austevoll saman med E39 Hordfast vil dette blant anna sørge for:

- Betre kollektivtransport frå Austevoll til Bergen, Os og Leirvik.
 - Hyppigare ferjeavganger og kortare ferjestrekning → Ferjeavganger kvart 15 min ved 2 ferjer, kvar halvtime med ei ferje.
 - Kortare reisetid frå Austevoll til Bergen Sentrum/Flesland → ca 45 min reisetid frå Sandvikshamn, i motsetnad til dagens 65/60 min frå Hufthamar.
 - Knytter Austevoll tettere saman med nabokommunane Tysnes, Bjørnafjorden, Fitjar og Stord, noko som vil forbetra næringssamarbeid og pendlar moglegheiter.
- B. Utgreiing av ny trase/oppgradering av eksisterande veg til standard med minimum fartsgrense på 80 km/t mellom Storebø og Bekkjarvik.
- C. Utbedring av vegen frå Bekkjarvik krysset og ut til Salthella ser me på som ein nødvendigheit hvis Fiskerihavna på Salthella skal få ut sitt potensial, denne utbedringa må også inkludere gang og sykkelsti for bebruarane langs dette strekket.
- D. Utbedre eksisterande veg frå rundkjøringa på Austevollshella til Barmen, også dette strekket må prosjekterast med gang og sykkelsti.
- E. Auka fokus på mjuke trafikantar → Jobbe opp mot fylkeskommunen for å sørge for at fleire overgangsfelt for kyssing av FV 546 vert realisert - Feks ved Hundvåkøy, Storebø og Bekkjarvik. I dag er det særstakta overgangsfelt i områder kor det ferdast mykje born og unge.
- F. Generelt utbedre meir gang og sykkelstiar i kommunen → Det er fleire bustadområder i kommunen som er tilnærma isolert og avhengig av bil for å komma seg sikkert til dagligdagse tjenester, sjølv om det er relative korte distansar. Fokusområder som Solesvika, Vik/Vinnes, Eido, Rabben og bruveien mellom Huftarøy og Hundvåkøy er nokre eksempler.

- 2. Kollektivtransport** - Austevoll er Norges mest folkerike kommune utan fastlandsforbindelse, då er me heilt avhengig av gode forbindelsar via sjøvegen - Som ikkje held oss isolert frå omverda fleire timer av døgnet.

Austevoll INP meiner at dagens ferjetilbod i Austevoll er for dårlig. Fylket gav oss flotte nye ferjer, men prisen me har måtte betala for dei i form av reduserte opningstider og den dårlige frekvensen på ferjesambandet Husavik - Sandvikvåg og B ferja frå Hufthamar til Krokeide på kveldstid og i helger er noko me ikkje kan gå forbi i stillhet.

Me vil blant anna jobbe for at B ferja har same frekvens som A ferja - både på kveldstid og helger og at Husavik ferja går kontinuerlig så lenge ferjestrekket er ope.

Me vil også kjempe for at opningstidene på begge ferjesambanda vert auka, at fylkeskommunen meiner det er greit at Austevoll vert isolert allereie rundt barne-tv tider når ein skal sørover og lenge før kveldsnytt sendinga vert sendt når ein skal nordover meiner me er ei total feilvurdering.

Me vil også jobbe for å forbetra rutetilbudet for snøgbåtane - både lokalbåten og snøgbåten til Bergen og Sunnhordaland treng hyppigare avganger og reduserte biletprisar.

Austevoll INP Partiprogram 2023

Eit anna skrekkelig tilbod i Austevoll er bussrutene, å reise kollektivt med buss i distrikta er utfordrande, få avgongar og lang ventetid er realiteten - Austevoll INP ønskjer å forbetra og utvida busstilboden i kommunen, ei effektivisering i bruken av bussar kan potensielt frigjere midlar. Utanom skulerutene så er det ikkje behov for store bussar som snirklar seg rundt på vårt underdimensjonerte vegnett. I samråd med fylkeskommunen vil me sjå på moglegheita for å kunne nytta mindre bussar/minibussar på utvalde ruter i kommunen - då spesielt på ettermiddag og kveldstdag.

Forbetring av busstilboden utanom skuletida vil gjere det lettare for ungdommen å delta på fridittsaktivitetar, utan å være avhengig av foreldre.

- 3. *Offentlig dialog og kommunale tjenester*** - Austevoll INP vil at kommunen skal være ein tilretteleggar og samarbeidspartner for både næringslivet og private i kommunen. Stikkord som stimulering, kursing, samarbeid og gode relasjonar er vitale for vår visjon.

Med dagens byråkrati og overformynderi frå fylkeskommunen og statsforvaltarar så blir mange gode idear og planar stoppa før dei i heiletatt vert påbegynt, Austevoll INP vil kjempe for auka sjølvråderett innanfor kommunegrensa, til dømes innanfor areal, by og stadsplanlegging. Austevoll er ein øykommune med mykje flott skjærgard, men også bratte knausar og berg kor det ikkje er mogleg å ferdast i, utan at naturinngrep vert gjort. Alt dette vert idag betrakta som ei "strandson" - Austevoll INP meiner at all natur som ligg i sjøkanten kan ikkje kategorisert likt, det er forskjell på skjærgard og bratte bergknausar, me ser blant anna for oss at dagens "strandsoner" vert delt inn i ulike kategoriar. Me meiner at areal med sjøgrense bør evaluerast etter om dette faktisk er areal som kan eller er attraktivt for friluftstilboden i kommunen og såleis er best eigna som uberørt natur - eller om det heller kan utnyttast betre ved å verta utbygd.

Austevoll INP meiner at fleire av areala som er avsett til LNF område i kommunen bør evaluerast til anna formål. Fleire områder er idag areal som er uegna til både landbruk og friluftsområde, på grunn av utilgjengelighet. Fleire av desse områda kunne vore gode areal for utbygging av enten einebustadar, fritidsbustadar og/eller næringsvirksomhet. Hvis ein legg inn strenge krav til utbyggjar i form av at friluftsområder skal tilretteleggast i samanheng med ei utbygging så hadde kommunens innbyggjarar fått utnytta fleire flotte areal som i dag er utilgjengelig for folk flest.

At kommunen har eit godt samarbeid og god forståelse av innbyggjarane er viktig for å ha eit velfungerande samfunn - kommunehuset skal ver ein plass kor ein kan komme uanmeldt å stille spørsmål, få rådgiving og veiledning utan at konsulentar og andre profesjonelle aktører må være eit fordyrande mellomledd.

Mange i Austevoll eig boligen dei bur i, men slett ikkje alle - spesielt førstegongskjøparar og einslege utan økonomisk støtte frå familie har vanskelig for å klare det nasjonale eigekaptialkravet, sjølv om ein har fast jobb og sparar måltlig. Austevoll INP ønsker å redusere velstandsgapet i kommunen ved å opprette eit kommunalt bustadbyggjelag som skal sørge for enklare tilgong på bustadmarknaden for førstegongskjøparar og vansklegstilte - utan krav til kausjonistar. Slik situasjonen er idag så aukar klasseskillet i samfunnet ved at dei som

Austevoll INP Partiprogram 2023

har foresatte eller andre som kan stilla opp med enten eigenkapital eller kausjon får ein fot innanfor boligmarkedet, medan dei som ikkje er så heldige hamnar utanfor og ender opp som ufrivillige evige leidgetakarar.

Me vil innføre ein kommunal modell tilsvarande OBOS sin “leie for eie” eller OBOS “deleie” - Kor då førstegangskjøper slepp å kjøpe heile bustaden ved kontraktsinngåelse, det vil også være lågare eigenkapitalkrav enn dagens 15% då kommunen kan stille som garantist.

Kommunen vil stille visse kriterier for å komme innunder ordninga, blant anna vil det være 3 års buplikt og kjøpar kan ikkje eige bustad frå før av.

Samstundes så vil me auka satsing på kommunale utlegebustader, som til dømes kan huse flyktningar, studentar og vanskligstilte. Bustadane må byggast i sentrumsnære områder i Bekkjarvik eller Storebø, eventuelt hvis bustadane vert spesifikt tiltenkt studentar så ser me fos oss at areal i nærleik til Austevoll vidargåande skule kan regulerast til dette. Dei seinaste åra - spesielt etter at skulen auka elevkapasiteten har ein sett tendensar for at fleire av elevane slit med å få seg buplass. Austevoll INP meiner det er viktig for både skulen og kommunen at alle elevar som vil - innan rimelig tid og kostnad kan få seg ein buplass, hvis ikkje vil dette på sikt muligens svekke antall søkerar til skulen.

Austevoll INP vil også sjå på muligheten for at kommunen kan samla fleire av sine tjenestetilbod til Storebø Portalen, til dømes Vaksenopplæringa. I stadenfor å bygge ut dagens helsehus (som pdd kun er på planleggingsstadiet) så vil me heller - hvis mulig - leige fleire lokaler i Storebø Portalen som idag husar kommune administrasjonen. Ein vil då samle dei fleste kommunale tjenester i samme område.

4. Næringsliv og gründervirksomheit - Austevoll INP ser på kommunikasjon og god dialog mellom innbyggjarane, næringslivet og kommunen sine ansatte og folkevalgte som essensielt for å skape eit velfungerande samfunn - Å for eksempel lytta til og ta lokalnæringa sine synspunkt til etterretning i forbindelse med større kommunale satsingar er noko me meiner vil forbetre både næringslivet og samfunnet generelt. Me ser blant anna for oss at kommunen og private aktørar skal både kunne investere og samarbeide ilag, for eksempel i forbindelse med utbyggingsprosjekt - Til dømes infrastruktur og bygningsmasser som kan disponerast av både næringsaktørar og det offentlige.

Me vil også sjå på moglegheitene for å få til ei refusjonsordning for lokale ildsjeler som ønsker å utvikle lokalsamfunnet i form av investeringar som utelukka går til lokalsamfunnets beste.

Eit anna tema me brenn for er gründarar og oppstartsbedrifter. Kommunen husar i dag tre organisasjonar som i ein eller annan form har ein målsetnad om å assistere og tilrettelegge for næringsutvikling, då tenker me på Austevoll Næringsråd, Blått kompetansesenter Vest og Innovasjon Norge. Dette ser me på som sær positivt og ein fantastisk ressurs, spesielt for oppstartsbedrifter, men også små selskap som allereie er godt etablert.

For å forsikre oss om at denne kompetansen vert utnytta betre- og for å forbetre tilbodet ytterligare så ser me for oss at kommunen i samråd med desse organisasjonane kan etablere og realisere ein felles intensjonsavtale som skal bidra til at ressursane som faktisk ligg i desse organisasjonane vert betre utnytta. Ved ei slik avtale vil me sikre at blant anna:

Austevoll INP Partiprogram 2023

- Innovasjonsprosessar vert fulgt opp frå ide til realisjon.
- Ein langiktig plan for strategisk innovasjonsarbeid i kommunen vert oppretta.
- Etablere og aktivt annonser for drift av eit kompetansesenter som skal sørge for felles utvikling og samarbeid mellom gründarar, utdanningsinstitusjonar og næringslivet generelt.
- Sørge for faglig assistanse i søknadsprosessar om offentlig utviklingsstøtte.
- Kommunen skal være meir behjelpeleg med å kommunisere med fylke og statlige instanser hvis nødvendig.
- Sørge for tilrettelegging av areal og lokaler til bedrifter.
- Bygge opp Blått kompetansesenter vest ved å ansette kompetanse med erfaring og ekspertise innan Gründeroppbygging, havbruk og fiskeri.
- Dei involverte parter i intensjonsavtalen skal være pådrivar og ha ansvar for fremtidas innovasjonsarbeid i form av å legge planar på korleis innovasjon skal utformast og driftast i framtida.
- Kommunen skal sikre at dei involverte partar arbeider systematisk med utvikling og omstilling for å nå overordnede målsetningar.

5. Helse og omsorg - Austevoll treng og fortjener eit funksjonelt og stabilt helsevesen. Austevoll INP meiner dagens situasjon ifm helsetilsette (td legar) i kommunen er for dårlig.

Me vil auka fokuset på at helsetilsette som vert ansatt blir verande - ambulerande vikarar på lånt tid skal være unntaket, ikkje normalen. Dagens situasjon gjer det ekstra kostbart for kommunen i form av innleige frå vikarbyrå, samstundes som at tilbodet vert uforutsigbart og svekka for pasientar - til dømes så har mange av innbyggjarane ikkje hatt fastlege på fleire år. For å tiltrekke oss godt kvalifisert og varig kompetanse så ser me for oss at me i enkelte tilfelle må gje ekstraordinære lønnsvilkår mot at den tilsette binder seg for ein gitt periode (feks 5 år).

Austevoll INP ynskjer meir fagpersonell innan helsesektoren i faste stillingar, heller enn deltidsansatte. Eit tiltak me ser vil gje betre arbeidsvilkår og meir forutsigbarhet er å kunne tilby ei form for skiftordning (feks 12:9 system) til helseansatte hvis dei ynskjer det. Desse ordningane skal kunne tilbys til blant anna legar, sjukepleiarar og helsefagarbeidarar og kan kombinerast med å kunne tilby pendlarbustad som ein del av ordninga.

I kombinasjon med å heva kompetansen innanfor helsetjenester så bør kommunen også forbetre tilbodet med helsekontrollar og nødvendige rutinebehandlingar.

Austevoll INP meiner at det idag er for tungvindt og krevande for mange pasientar å måtte forlate kommunen for å utføre til dømes dialyse og røntgen.

Psykisk helse er også viktig for oss, me ynskjer å halde høg prioritet på at ein har tilstrekkeleg med midlar til å halde eit oppegåande og funksjonibelt tilbod i kommunen.

Eldreomsorg er viktig for Austevoll INP og me vil ha på plass ein langiktig strategi for eldreomsorgen, til dømes bruke statistikk meir effektivt i tilrettelegging og planlegging. Det er menneska som idag går inn i alderdommen som har slitt og bygd opp dagens velferdssamfunn, difor ønsker me kun det aller beste for dei eldre, uavhengig om det potensielt kan være eit meir kostbart alternativ.

Austevoll INP Partiprogram 2023

Eldre skal til dømes ha skikkelig mat - og maten skal selfølgelig tilberedast på aldersheimen. Næringsrik mat kan bortimot halvere behovet for medisinering, noko som igjen er positivt for dei eldre og for kommune økonomien. Me vil også at dei eldre - både dei som bur på PO senteret, i omsorgsbustadar eller heime - fortsatt skal kunne vere mobil og sosial så lenge som mogleg, arrangerte bussturar og aktivitetsdagar er viktige begivenheiter som fyller dagane til dei eldre.

Det er viktig for oss at framtidige eldreboligar og omsorgsboligar som vert bygd er designa og tilpassa brukarane, samstundes skal det byggast i attraktive og sentrumsnære områder. Ved å investere i bustader i attraktive buområder vil dette også skape meirverdi for kommunen i form av betre verdistigning på eigedomsmassen.

Det er også viktig for Austevoll INP at dei som arbeider innanfor eldreomsorgen blir ivaretatt og trivst i jobben - fornøyde arbeidrarar gjer som regel fornøyde brukarar.

- 6. Skule og oppvekst** - Austevoll skal være ein attraktiv kommune å vekse opp og være ung i, gode skule og fritidstilbod til barn og ungdom ser me på som essensielt for å klare denne målsetnaden.

Kommunen har dei seinaste åra fått fram fleire flotte ungdomsklubbar som bidrar til å knytte ungdomen tettare saman, dette ser me på som særstakt positivt og eit viktig bidrag til at ungdom trivst i kommunen, Austevoll INP ønsker auka satsing og bevilgning til slike tilbod. For å gjer kvar dagen enklare for både føresatte og ungdomen så ser me at eit bedre kollektivtilbod i form av utvida bussruter etter skuletid som ei viktig sak, ungdomen skal kunne komme seg til og frå aktivitetstilbod i kommunen på eige hand.

Ny barneskule på Storebø - Det viktigaste for oss er at borna og dei tilsette får ein moderne og funksjonell skule.

Før det tas eit endelig standpunkt ifm ombygging av dagens skule eller bygging av ny barneskule så er det fleire aspekt som må utgreiaast grundig.

Sidan dei nye brakkene på Storebø skule er av ei slik kvalitet at dei skal kunne halda god standard i fleire år så meiner me at det er viktig å planlegge skulen godt før ein stikk spaden i jorda - Me kan ikkje risikera å komme i same situasjon som sist.

Me treng ei nøye utgreiing som forsikrar oss at me no får ein robust barneskule som vil klare å dekke behovet i mange år framover, dette gjeld både for oppgradering av eksisterande skule, men også ved ei utgreiing av nybygg på alternative områder, td ved Eidsbøen.

Blant anna meiner me som eit minimum at ein må halde folkemøter for å få innspel frå innbyggjarane, samt lytte til dei tilsette og foreldre via FAU for å få ein god og demokratisk prosess.

Me må forsikre oss om at skulen vert funksjonibelt designa, at undervisningsrom og rekreasjonsområder er rett utforma og at det er tilstrekkelig med uteområde for alle alderstrinn. Det må også være avsett tilstrekkelig plass til parkering og busshaldeplass, då dette er viktige funksjonar som treng mykje areal og god planlegging.

Austevoll INP Partiprogram 2023

Hvis ein fell ned på - etter utgreiinga - at det beste alternativet er å bygge ut dagens skule så må ein ta med i beregninga at bygget er med si plassering eit midtpunkt på Storebø, og såleis eit bygg me ser på som nødvendig at er estetisk flott å sjå på og at arkitekturen står i harmoni med omgivelsane.

Hvis ein - etter utgreiinga - fell ned på at det beste alternativet er å bygge ny barneskule så vil ei slik flytting utløyse store moglegheiter til at skuletomta kan kunna nyttast til både næring og bueinheter.

7. **Maritim næring, fiskeri og havbruk** - I Austevoll så er den maritime næringa essensiell for vårt samfunn, sidan INP er eit nytt og - enn så lenge -eit relativt "ukjendt" parti for mange så har me valgt å ta med ein god del av partiet sin nasjonale politikk innanfor desse næringane i vårt lokale partiprogram.

INP vil blant anna arbeide for at fiskeri, havbruk, sjøfart og maritim næring også i framtida skal spele ei nøkkelrolle innan Norsk næringsliv, me vil blant anna sørge for gode og fornuftige rammevervilkår for både rederi og mannskap innanfor den norske skipsfarten.

Maritim næring - INP ynskjer at den norske skipsfarten skal bestå og kor NOR flagg med norske sjøfolk skal favoriserast i forhold til NIS flagga skip som per idag i stor grad bruker utanlands arbeidskraft utan norske lønns og arbeidsvilkår. I den sammenheng så vil me kjempe for norske lønns og arbeidsvilkår både langs den norske kysten og på norsk sokkel.

Me vil også optimalisere og forenkle fleire av dagens krav til rederier for å oppnå rett til å komme inn under nettolønnsordninga - Dette inkluderer blant anna å fjerne topptaket per ansatt og revidere utreisekravet for utseilt distanse for at rederi kjem inn under ordninga, dette er krav som gjer rederia mindre konkurransekraftig og skaper unødvendig meir arbeid. Det er også ueheldig for klimaet - då mange rederi ser seg nødt til å seile unødvendige distansar kun for å komme innunder krava - For eksempel fartøy som ligg i ro og arbeider langs oppdrettsmerder må betraktast på lik linje som eit fartøy som faktisk er på seiling.

Me vil redusere og fjerne symbolske tiltak i klimaregnskapa for mindre rederier, i dag er det alt for høge krav ifm klimagassutslepp for rederi som eigentlig hverken har kapasitet eller økonomi for å ivareta alle krava som blir tredd over dei - dette medfører at fokuset forflyttar seg frå å faktisk drifta fartøya sikkert og effektivt til å bruke mykje ressursar på eit overformynderi.

Fiskeri - INP vil sørge for stabile og forutsigbare rammer for den eksisterande fiskerinæringa, samstundes som me vil tilrettelegge for nye fiskarar som ynskjer å drive for seg sjølv. INP ser det som essensielt at distrikta og kysten blir ivaretatt og at ein større andel av verdiskapninga vert igjen i lokalsamfunna. Hovedformålet i Fiskeri og havbrukspolitikken til INP er fokus på verdiskapning, auka sysselsetting, stabil og forutsigbar skattlegging og rettmessig fordeling mellom private aktørar, kommunar, fylkeskommunar og staten.

Austevoll INP Partiprogram 2023

Fiskekvotar er ein tillatelse til å hauste av fellesskapets naturressursar, dette meiner me skal være forbeholdt i hovudsak norske rederi og norske statsborgarar, utanlandsk eigarskap skal være begrensa. Me er for å utgreie for å redusere dagens maks tillatte prosentandel for utanlandsk eigarskap, samstundes er me også for begrensa eigarskapkonsentrasjonar innan fiskekvote - me vil aktivt forhindre at ein stor andel av dei totale kvotane havner i for få hender.

INP meiner at ei kvote er ein tillatelse som er gitt på grunnlag av fellesskapet til å hauste av norske naturressursar og skal såleis heller ikkje behandlast som ein privat eigedel. Me mener at tillatelsen skal kunne brukast av den/dei som har fått den i ei overskuelig framtid, men at grunnkvotar som er gitt vederlagsfritt frå staten ikkje skal være ei direkte markedsvar som kan selgast til høgstbydande.

INP meiner også at strukturkvoter skal bevarast og såleis fordelast i kvotegruppa kor kvotane ordinært tilhørte. Innanfor kystkvote segmentet så meiner me at det skal være restriksjoner på samanslåing av kvotar. Eit intensiv vil være å hindre at man kan kjøpe opp kvoter frå ei mindre fartøygruppe enn kva ein allereie tilhører - Me ser på dette som ein dempende effekt på dagens inflaterande kvoteprisar.

INP ønsker å hindre fleire nedleggelsar av norske fiskemottak og stimulere til etablering av videreforedlingsanlegg i nærleik av mottaka, gjennom tilskuddsordningar til dei som ønsker å etablere videreforedlingsanlegg, dette i kombinasjon med forbedrande tollavtalar med EU vil kunne intensivere til auka aktivitet langs kysten. INP ønsker også å sjå på mogligheter som kan intensivere for at ein større andel av norsk fangst blir islandført i Noreg.

INP meiner at ein god rekrutteringspolitikk er viktig innanfor fiskeriet, me vil tilrettelegge for at ungdom skal få eit enklare utgangspunkt til å både starte for seg sjølv, men også bli ansatt innan fiskeriet. Konkrete tiltakt som å auke andelen av totalkvoten som skal takast opp i open gruppe, tildele fleire ungdomskvoter, sørge for at lott fortsatt skal være lønnssystemet for alle fiskarar og sikre rettferdige lønns og arbeidsvilkår for lærlingar innanfor fiskaryrket.

Havbruk - Austevoll INP ønsker å tilrettelegga for at ein av kommunens bærebjelker - Havbruksnæringa, fortsatt skal vekse og utvikle seg. Me er sterkt imot grunnrentebeskattning - Me ser på dette som ein skatt som vil redusere investeringsvilje og utvikling innen ei essensiell næring - både for Austevoll som kommune, men også Norge som nasjon.

INP vil heller sjå på ei justering/auking av produksjonsavgifta til eit nivå som både havbruksnæringa og kommunane kan leva med - Me ser då for oss at denne avgifta vert att i kommunane som faktisk husar oppdrettsanlegg, og ikkje ei omfordeling av midlane i Oslo.

For å redusere klimaavtrykket - og samtidig forbetra effektiviteten i havbruksnæringa - så vil INP intensivere for å auke bruken av norskproduserte næringsstoffar i fiskefôr, uten at det går utover villfangst bestanden. Me vil blant anna intensivere for forskning og utvikling for at tang & tare, alger, bakteriemel og insekter kan brukast som erstatning av soya i fiskefôr produksjon.

Austevoll INP Partiprogram 2023

For at havbruksnæringa skal oppnå målsetningane både innanfor vekst- og transformasjon til meir miljøvennlig produksjon - samtidig som me unngår at produksjon flyttast ut av landet - så er det essensielt at staten sørger for stabile rammevilkår og forutsigbarhet i skatte og avgiftspolitikken. Store endringar på kort tid fører til usikkerhet og mistillit, noko som svekker tillitsforholdet mellom stat og næring, dette rammer også Norge sitt internasjonale omdømme som eit stabilt land å investere i.

INP stiller seg positive til at aktørar både skal kunne satse på landbasert oppdrett og lukka merdsystem i sjø, men vil heller intensivere for sistnevnte då me anser dette som meir miljøvennlig og energibesparende, samt at det gjer Noreg bedre rusta i forhold til utenlandsk konkurranse - i form av auka risiko vedrørande forflytting av produksjonen nærare dei aktuelle salgsmarknadane.

Ved ei eventuell flytting av produksjon frå sjø til landbasert så vil dette medføre nokre negative miljøinngrep i form av unødvendige inngrep i norsk natur ved planering av industriareal, samt auka energiforbruk i form av pumping av sjøvantn og drift av kunstige havstraumar i landanleggene.

For at havbruksnæringa skal klare å utvikle lukka anlegg i sjø som både har sikringstiltak for rømming, teknologi som forhindrar lakselus og algeoppblomstring og mekanismar som blant anna kan unngå at fôrrestar, daudfisk og fiskens ekskrementar havnar i naturen så har INP forståelse for at transformasjonen fra dagens løysning med åpne merdar i sjø og over til dei nevnte alternativa må skje gradvis slik at ein ikkje skadar næringa sitt konkurransefortrinn.

INP meiner det ligg eit klart vekstpotensial i Norge knytta til moglegheita for å eksportere fleire bearbeidede sjømatprodukt til Europa. Dagens regulatoriske regime betyr at fleire av desse produkta møter toll inn til EU på opp mot 15-20 prosent, noko som gjer at verdiskapinga i denne delen av næringa truleg er betydelig lågare enn den ville vore under ei tollfri europeisk marknad. Som ein del av EØS avtalen så har norsk sjømat fri adgang når det gjeld veterinære og tekniske krav, og handelen med sjømat foregår dermed utan grensekontroll internt i EØS-området, noko som igjen er positivt for sjømateksporta, det som dog er negativt med dagens EØS avtale er ein jungel av forskjellige tollsatsar på ei lang liste med fisk og fiskeprodukt. Får man ikkje løsna opp i dette så vil det begrense vekstutsiktene for sjømatnæringa, difor meiner INP at Norge snarast må reforhandle med EU om fri markedsadgang på sjømat, samstundes som at fri adgang ifm veterinær kontrollar vert beholdt.

Å samanligne havbruksnæringa med olje & gass næringa når det gjeld grunnrentebeskattning meiner me vert feil. For det første så har havbruksnæringa biologiske utfordringar, blant anna algeoppblomstring og luseproblematikk. Sjølv om det har vore ei formidabel utvikling innan bekjempelse av fleire av desse utfordringane så ligg det fortsatt mykje risiko bundet opp i biomassen til fiskeoppdrettarane i forhold til kva oljeselskapa har av risiko i sine olje og gassreserver, ein risikopremie ifm dette bør leggast til grunn i favør havbruksnæringa i beregninga av grunnrenteskatt.

Austevoll INP Partiprogram 2023

Havbruksnæringa har utvikla seg over flere tiår, kombinasjonen gode naturforhold og innovasjon av næringa er suksessformelen til at Noreg i dag er verdensledende innan produksjon av laks og ørret. Austevoll INP stiller seg tvilande til at norsk laks og ørret vil ha sin leiarposisjon i overskuelig framtid hvis konkurranseskrafta blir svekka i form av høg grunnrentebeskattning. Kombinasjonen ekstrem skattesats og store intensiver for landbasert oppdrett kan i verste fall føre til at Noreg taper heile konkurransefortrinnet og den forventa veksten i sjømat frå oppdrett dei neste tiåra.

Analysar viser at den største veksta innanfor sjømat vil komme i Asia og Nord Amerika, me meiner at høg beskatning av havbruk vil motivere selskap til å fokusere investeringane sine i ny teknologi som vil gjer det mogleg å produsere laks tettare på desse vekstmarknadane, noko som implisitt vil føre til færre arbeidsplassar i kystdistrikta, reduserte skatteinntekter til staten - i form av selskapsskatt - og reduserte inntekter til kommune og fylkeskommune i form av mindre produksjonsavgift, noko som igjen vil føre til dårligare tilbod og goder i dei gjeldande fylker og kommunar.

Slik det er i dag så produserar riktignok havbruksnæringa produktet sitt ved å bruke fellesskapets arealer, såleis meiner me at det er på sin plass at selskapa betalar for seg, men betalinga må være forenlig med både inntjening og risikoen som desse selskapa har.

Me ser heller for oss å utgreie for å auke dagens produksjonsavgift heller enn å innföra ekstra grunnrenteskatt basert på ein særskilt høg skattesats. Produksjonsavgifta skal fastsettast slik at kombinasjonen kor dagens vekst og utviklingsplanar i bransjen kan fortsette og at fellesskapet får auka sine velferdsgoder, avgiften skal være basert på faktisk salg og den skal gå uavkorta til kommunane og fylka kor oppdrettslokalitetane befinn seg - På den måten er det dei kommunane som stiller sine areal til disposisjon som får ta del i verdiskapninga.

8. *Kultur* - Austevoll INP har ein visjon om å satse på kulturlivet i kommunen. Dette ser me på som særskilt viktig for å skape eit godt miljø for innbyggjarane - Spesielt for ungdommen - då me føler dagens tilbod ikkje er tilstrekkelig. Me ser for oss ein kommune med eit mangfold av kultur og fritidsaktivitetar for alle aldersgrupper, fordelt i heile kommunen.

- Austevoll INP vil sette av midlar for å planlegge og tilrettelege for ein festival som vil vere ein attraksjon som tiltrekker seg både fastbuande og tilreisande i fleire aldersgrupper - Arrangementet skal utviklast over tid slik at det vil verta ein tradisjon som kommunen kan vere stolt over. Eit slikt arrangement ser me på som eit trekkplaster som vil auka omsetnaden innan detaljhandel, turisme, hotell og serveringsbransjen i kommunen.
- Austevoll INP ønskjer å byggja kulturhus på Storebø, dette ser me på som noko det er eit stort behov for og som vil ha stor nytteverdi for samtlige innbyggjarar i kommunen. I kulturhuset ser me for oss ein stor funksjonell sal som kan nyttast til kino, konserter, revy/teater, foredrag m.m.

Me ser for oss tomta til det tidlegare kommunehuset som ein potensiell lokasjon for det nye kulturhuset, så fram til at arealet er tilstrekkelig for eit fullkomment prosjekt. Midlar frå havbruksfondet kan øyremerkast som ein del av finansieringa til eit slikt prosjekt.

Ved ei slik utbygging må kommunen lytta til dei som har kompetanse innanfor dei

Austevoll INP Partiprogram 2023

forskjellige kulturgrenene og lydfag, ein kan blant anna hauste erfaringar frå den engasjerte gjengen som har fått fram kultursalen i Bekkjarvik.

Kulturhuset må innehalde øvingslokaler for musikkskulen, band, korps og liknande, øvingslokale av høg kvalitet for dans og teater, lokaler for bilde og fotokunst, samt eigna rom for ungdomsklubb og lokalitetar for biblioteket. I tillegg må bygget kunna husa kontorlokaler for dei tilsette i musikkskulen, storkjøkken, konferanserom, garderobar og liknanade.

Det er også viktig at området rundt kulturhuset vert tilrettelagt for fritidsaktivitetar og rekreasjon, her ser me for oss at det blir opparbeida med leikeplass og parkområde, utandørs treningspark og ein kombinert sykkel/skatepark.

- Austevoll INP ønsker også å fokusere på gode moglegeheiter for friluftsliv og uteaktivitet. Me vil legge til rette for etablering av nye turløyper i heile kommunen, samt vedlikehalde eksisterande, tilrettelegging og etablering av offentlige badeplassar som inviterer til aktivitet og liv i sjøkanten og prosjektering av aktivitetsparkar/områder som gjer innbyggjarane eit breit og variert utvalg av uteaktivitetar - Til dømes sykkelbanar/pumptrack, frisbeegolf, utandørs treningsparkar og andre utandørs aktivitetar.
- Austevoll INP vil tilrettelegge for at private aktørar (serveringsbransjen) har gode forutsetningar for å lykkast ved å tilby innbyggjarane eit godt og variert kultur og uteliv.

9. *Idrett* - Austevoll INP ønsker at kommunen skal ha eit breit idrettsutval til innbyggjarane, då trengs det høvelege fasilitetar for alle årstider. Me vil fokusere og bygge opp breddeidretten i kommunen, dette innebærer opprusting av eksisterande anlegg og på sikt vidareutvikle fasilitetar slik at ein kan halde på med dei fleste idrettsgrener uansett årstid.

Me støtter blant anna den pågåande planlegginga med bygging av innandørs fotballhall på Eidsbøen, dette vil bli ein fantastisk arean for alle fotballentusiastar i kommunen, men også frigjere kapasitet i den eksisterande fleirbruksallen til andre idretter. På sikt så ser me for oss at fasilitetane kan utvidast med ein ishall til for eksempel bandy og ishockey.

10. *Straum, klima & miljø* - Austevoll INP er imot konsekvenutgreiing for vindkraftutbygging i kommunen, både til lands og til havs. Me ser på kraftutbygging i form av vindturbinar i Austevoll som høgst unødvendig og ser heller at nettkapasiteten i kommunen vert brukt på solcelleanlegg på private husstandar, næringsbygg og offentlige bygg. Ved ei eventuell utbygging av ein vindkraftpark meiner me at Austevollingane risikerer å få ei allerede dyr nettleige til å verta enda dyrare.

«Ta på eiga maske før du hjelper medpassasjerar». Dette er beskjeden me får hos kabinpersonalet kvar gong me er ute å flyr, kvifor? Jo, dersom me gjer det i motsatt rekkefølge risikerar ein å sjølv vere ute av stand før ein kan forsøke å hjelpe andre ombord.

Med dette som bakteppe tørr me i Austevoll INP å uttale oss om at noverande kraftprioritering er feil og det av fleire grunnar.

I Norge er me heilt avhengig av straum i kvarldagen, då ca 85% av hushaldningane sitt energiforbruk kjem frå elektrisk kraft - kraft som i hovudsak vert nytta til oppvarming, matlagning, varmt vatn m.m, - I motsetnad til resten av Europa kor gass i større grad vert nytta til dei store energiforbruka og elektrisk kraft kun står for ca 25% av energiforbruket.

Straumprisen gjer difor eit mykje større utslag i økonomien til ein norsk familie kontra ein familie i EU.

Austevoll INP Partiprogram 2023

Norge nettoeksporterer elektrisk kraft til Europa tilsvarande 1% (11 Twh) av det me eksporterar av energi i form av gass (1000 Twh), som igjen tilsvarer ca 25% av Europas totale import av energi. Desse terrawatt timane gjer liten skilnad i Europeisk samanheng, men stor skilnad for oss som har bygd samfunn og industri rundt rimelige og forutsigbare straumprisar.

Som ein ser på tala så er det Norsk gass Europa treng, dette bør gje oss tiltrekkelig forhandlingsmakt til å reforhandle Acer-avtala. Me har knytt oss til avtalar som set sjølvforsyninga vår av energi på spel, implisitt har me gjeve frå oss kontrollen.

INP meiner at vasskrafta fortsatt skal tjene innbyggjarane og bedriftane i Norge - i form av stabil og billig kraft - før ein kan vurdere å eksportere ei eventuell overskuddskraft.

Samfunnet vert meir og meir elektrifisert, dette fører sjølvsagt til at me til stadigheit treng meir straum. Det som uroar oss i INP er at den einaste løysinga som vert løfta fram for å møta det auka behovet er utbygging av veravhengig kraft - til dømes vindkraft, som både er kostbart og skadelig for lokalmiljøet - dette går ikkje i lengda, ikkje utan balanse/kraft/regulerbar kraft i tillegg, og det trengs mykje av dette hvis ein skal klare å ta under den kommande kraftteterspørseren.

Eit anna av våre ankepunkt ifm vindparkutbygging er at det også gjer ufattelige store naturinngrep, ofte irreversible. Støy og visuell forureining for beumarar nær desse områda er det første ein merkar, deretter kjem problematikken kor fugl og insekt i store mengder vert drept. Miljøproblem som til dømes avrenning av Bisfenol A, hydraulikkolje, smørolje og kjemikaliar for av-isning er også noko me ser på som ei stor utfordring kor utfallet kan i værste fall bli at desse produkta ender opp i grunnvatnet - Altså drikkevatnet vårt.

Me i INP saknar også ei form for konsekvensutreiling for havvind utbygginga, dette er ei forhasta beslutning som potensielt kan bli dramatisk for både den lokale naturen og dyrelivet. Lyd forplantar seg over lengre distanse i vatn enn i luft, i kva grad påverkar dette det maritimelivet? Områda som er avsett til havvind er ved nokre av dei beste fiskefelta våre, dette vil råka både fiskeriet, men også sjøfuglen - då dei ofte trekk mot faste installasjonar for å kvile. Det som kanskje er det mest sorgelige ved heile vindturbin historia er kva som er planen for rotorblada når dei er utslikt. Det er i dag ingen system for gjenvinning av rotorblad, så løysinga er då at dei vert greven ned - her kan dei liggja i jordskorpa å forurense til dømes Bisfenol A til evig tid.

Fleire påstår at vindindustrien vil skape ei enorm verdiskapning for Norge, dette skal bli den nye "oljenæringa". Slik det er idag så er dei fleste investorane frå utlandet og staten subsidierar næringa med utallige milliardar kroner, pengar som heller kunne vore brukt på å forbetra helse og omsorgtilbodet i landet. Skal vindindustri i Norge i heile tatt forsvarast så må - som eit absolutt minimum - kontrollen og profitten over på norske hender.

INP er sjølvsagt ikkje eit parti som vil sei nei utan alternative løysingar, på kort sikt vil me vil blant anna:

- Lette på grunnskatten for mikrokraftverk.
- Auke støtta for ENØK-tiltak.
- Oppgradering av eksisterande vassturbinar for å nytte meir av krafta som allereie går gjennom desse.
- Ta kontroll over utlandskablane til Europa.

Austevoll INP Partiprogram 2023

Ser me langs dei lange linjene så er blant anna tiltak som:

- Stoppe elktrifiseringa av Norsk sokkel. Å elektrifisera sokkelen betyr at ein treng ca 15 Twh - Ca 10% av Norges årlege straumproduksjon - for å halde nordsjøens plattformar i gong med straum frå land. Dett er plattformar som i dag er sjølvforsynt med energi i form av gassturbinar - turbinar som vert direkte drifta av gassen som vert henta opp frå resorvaret - ein får med andre ord ikkje ein meir kortreist energi. Den same gassen skal transporterast i røyr til europa og deretter brukast på same måte som i Nordsjøen, bere i større skala - noko som ja, fører til litt høgare utnyttingsgrad, men å bruke 50-100 milliardar kroner på å i stor grad skyva Co₂ utsleppet over på naboen vert heilt feil bruk av skattekronene meiner me. For ja, brorparten av desse utgiftene skal staten dekke, implisitt vil me som norske innbyggjarar subsidiere Europa både med uthyggingskostandane, ei auka nettleige - i form av den planlagte utbygginga av kraftlinjer på land til sokkelen- og at det auka straumforbruket på 15 Twh gjer at me aukar sannsynligheita betraktelig for at me får ein stabilt høg straumpris her til lands.
- Utforske for bruk av kjernekraft som ei balanserande energikjelde. Kjernekraft har koment langt i forhold til kva tilfella var for 30-40 år sidan - 4 generasjon kjernekraftverk og Små modulare reaktorar (SMR) ser me på som framtidas utsleppsfree og stabile kraftkilde.
- Intesivere for meir forskning og utgreiing av thorium. Thorium er eit grunnstoff me har store mengder av i Norge. samt me har mykje meir erfaring med kjernekraftverk i dag enn for tredve år sidan. Då kan produksjon av kraft flyttast nærmare dei kraftkrevjande områdene og ein er uavhengig av balansekraft.

Lokalt i Austevoll så ser me for oss at kommunen blant anna kan satse på å utnytte dei store takareala som fleire av kommunen sine større offentlige bygg har ved å installere solcelleanlegg, eit klimapositivt tiltak kor naturen ikkje blir råka og som samstundes er økonomisk forsvarleg i desse tider. Me vil også fortsette med andre ENØK tiltak på kommunale bygg og infrastruktur - LED belysning, isolering, samt smartstyring av HVAC, oppvarming og belysning.

Austevoll INP har også lagt merke til at det er stadig fleire innbyggjarar og tilreisande til kommunen som etterspør fleire mogleigheter for lading av elbil. Austevoll INP ynskjer å sette av midlar til å få på plass fleire elbil-ladestasjonar i kommunen.

11. **Trygd, pensjon og skatt** - INP meiner at pensjonister og trygdde skal ha indeksregulert pensjonsytelsar, slik at ein unngår at dei med minst minsker kjøpekrafta si over tid. Austevoll INP meiner at formuesskatten gjer at norsk eigarskap er verre stilt enn utenlandsk eigarskap, den gjer at norske bedrifter har eit dårligare utgangspunkt enn sine internasjonale konkurrentar og den svekker moglegheita til å skape fleire høgkompetanse arbeidsplassar i Noreg. INP ynskjer i første omgang å innføre eit solid bunnfrådrag slik at dei aller fleste av oss ikkje skal behøve å skattast for ei fiktiv «formue». Me går også inn for å fjerne heile formuesskatten, men då må moglegheitane for å kunne bli nullskatteytar eliminersast. Austevoll INP er i mot eigedomsskatt og ønskjer heller å ha eit nøkternt budsjett som forsikrar oss om at det ikkje vert nødvendig å innføre eigedomsskatt.